

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

**Sakshandsamar:** Finn Owen Meling  
**Telefon direkte:** 45427874  
**Dato:** 03.08.2023  
**Referanse:** 23/08446-11

## Høyring - søknad om konsesjon for to mellombelse helikopterplassar i Høyanger

Statkraft Energi AS (org 985590958) har, gjennom konsulentselskapet Bystøl AS, sendt ein søknad til Luftfartstilsynet om konsesjon for å etablera, driva og inneha to helikopterplassar i Høyanger.

Helikopterplassane vil liggja ved høvesvis Fjellvegen og Ekrene, som vist i vedlagt kart.

### 1. Nærare om søknaden

Det går fram av søknaden at Statkraft er blitt pålagt å riva utrangerte anlegg i Høyanger i samband med konsesjon for etablering av dei nye kraftverka Makkoren (2012) og Eiriksdalen (2013). Statkraft er òg pålagt å fjerna vassdragsanlegg som ikkje lenger blir haldne ved like.

For to av desse anlegga vil riving krevja omfattande bruk av helikopter. Desse er:

- Kraftstasjon K1, lokalisert rett vest for Høyanger sentrum og oppover fjellsida, med tilhøyrande rørgater, trallebane, trapp, spillhus og transformatoriosk.
- Kraftstasjon K2, lokalisert ved Ekrene i Dalsdalen og opp mot Nova, med tilhøyrande rørgater, trallebane og trapper.

Overordna plan for miljø og landskap for rivingsarbeidet vart sendt NVE november 2023.

Statkraft Energi AS søker om løyve til å drifta ein helikopterlandingsplass ved K1 for ein periode på 12 månadar frå 01.05.24 til 01.05.25, og ein helikopterlandingsplass ved K2 for ein periode på 17 månadar frå 01.05.24 til 01.10.25. Luftfartstilsynet forstår det slik at dei aktuelle helikopterplassane er allereie opparbeidde riggområde som er tilpassa bruk for helikopter, særleg landingsplassen ved K2.

Talet på flyrørsler er utrekna av konsulentfirmaet Norconsult til 16550 samla for heile perioden. I utgangspunktet er det lagt opp til 8650 flyrørsler K1 (Fjellvegen) og 7900 ved K2 (Ekrene). Sidan det ut frå erfaring er vanskeleg å planleggja bruk av helikopter korrekt ned til kvar minste arbeidsoppgåve, vert det søkt om konsesjon på 18000 flyrørsler samla for dei to plassane.

Helikopter vil verta nytta alle dagar i veka utanom laurdag og søndag. Arbeidstida vil være kl. 07:00 til 19:00.

Søkjaren går ut frå at det vil bli nytta helikopter frå Airlift AS som har base ved Bringeland i Førde.

Både ved K1 og K2 går det stiar i nærområdet som vert nytta av lokalbefolkninga. I traseen for helikopterflyging ved K1 ligg det enkelte hytter, og næraste hytte ligg 228m i luftlinje frå helikopterlandingsplassen. I traseen for helikopterflyging ved K2 ligg det ingen private hytter tett innpå landingsplassen. Søkjaren ber om unntak frå kravet om at støyutrekning skal vera ein del av konsesjonssøknaden.

Entreprenøren har riggområde ved helikopterlandingsplassane.

## 2. Konsesjonsregelverket

Alle som vil starta opp, driva eller ha ein landingsplass skal som hovudregel ha konsesjon, jf. lov 11. juni 1993 nr. 101 om luftfart (luftfartslova) § 7-5 første ledd. Ifølgje luftfartslova § 7-6 skal konsesjon berre bli gitt når det er «forenlig med allmenne hensyn». Det skal bli henta inn fråsegn frå relevante kommunale og andre styresmakter før konsesjon eventuelt blir gitt.

Vilkåret «forenlig med allmenne hensyn» er nærare presisert i forskrift 11. januar 2007 nr. 40 om konsesjon for landingsplasser (BSL E 1-1 – heretter konsesjonsforskrifta) § 1 bokstav b, som har slik ordlyd:

*«Formålet med forskriften er:*

*b) Å sikre en samfunnstjenlig luftfart og en hensiktsmessig disponering av arealer, og at vurderingen av konsesjonssøknader skjer ut fra hensynet til miljø, helse, flysikkerhet, næringsinteresser, reguleringsplan, kulturlandskap, samt hensynet til regional utvikling og bosetting.»*

Det følger elles av luftfartslova § 7-7 at konsesjon blir gitt for ei bestemt tid, og på slike vilkår som ein finn grunn til å krevja. Konsesjon for landingsplassar til privat bruk blir som hovudregel gitt for ein periode på 10 år, i samsvar med konsesjonsforskrifta § 15.

### 3. Høyringa

Luftfartstilsynet ber høyringsinstansane om ei vurdering av etablering og drift av landingsplassane opp mot allmenne omsyn, med særleg vekt på dei omsyna som er tatt inn i konsesjonsforskrifta § 1 bokstav b.

Utanom dei forholda høyringsinstansane eventuelt sjølv ønskjer å ta opp, ber me om at det i fråsegna blir tatt stilling til dei forholda som er framheva i pkt. 3.1 med vidare nedanfor.

#### 3.1 Forholdet til kommunal arealplan

Det følger av luftfartslova § 7-6 tredje og fjerde ledd at konsesjon som hovudregel ikkje kan bli gitt i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova. Ein kan likevel gi konsesjon i strid med arealplan dersom vedkomande plan- og bygningsstyresmakt samtykker til ferdigbehandling av konsesjonssøknaden.

Luftfartstilsynet forstår det slik at områda der dei to helikopterplassane er tenkt plassert, i dag er såkalla LNFR-område (område regulert for landbruk, natur, fritid og reindrift) eller regulert for mindre spesifikke eller kombinerte føremål. Søkjaren opplyser at gjeldande arealplan er kommuneplanens arealdel 4638\_201601. Etter det Luftfartstilsynet kan sjå, opnar planen for visse typar tiltak i deler av LNFR-området. Det er likevel uklårt for Luftfartstilsynet om dei aktuelle helikopterplassane kan gå inn under denne type unntak, eller om det har blitt – eller er høve til å gje – dispensasjon frå planen.

Det vil vera ein føresetnad for at Luftfartstilsynet kan gje konsesjon at spørsmålet knytt til arealplanen er tilstrekkeleg avklart. Me ber difor høyringsinstansane, særleg kommunen, gje fråsegn om sitt syn på dette.

#### 3.2 Bruksrett til grunnen

Det er ein føresetnad for å få konsesjon at søkjaren innehar eksklusiv rett til å nytta det aktuelle området som landingsplass, jf. konsesjonsforskrifta § 3 (3).

Luftfartstilsynet forstår det slik at Statkraft Energi AS har eigedomsrett til landingsplassen K2 (Ekrene), men ikkje til heile området for landingsplassen K1 (Fjellvegen). Søkjaren skriv at Reidar Hjetland er eigar av området, og at Statkraft har ein eksisterande avtale om Fjellvegen, inkludert parkeringsplassen, med han. Helikopterlandingsplassen ligg litt utanfor arealet i avtalen, men søkjaren skriv at Hjetland er positiv til å lage ein avtale for denne òg. Luftfartstilsynet føreset at slik avtale kjem på plass før konsesjon eventuelt vert innvilga.

### 3.3 Forholdet til naturmangfaldlova

Ved vurdering av konsesjonssøknaden legg Luftfartstilsynet vekt på lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova), §§ 8 til 12, jf. § 7. Reglane her stiller krav til at forvaltninga skal leggja til grunn visse prinsipp ved utøving av offentlig myndighet, med føremål å verna naturmangfaldet.

Luftfartstilsynet er ikkje kjend med naturtilhøve i området som ein burde vera særskilt varsam på i denne samanhengen. Sjølve landingsplassane er i praksis allereie opparbeidde, slik at det vil vera den konkrete bruken av desse som vil kunna påverka naturmangfaldet. Luftfartstilsynet har likevel gjort eit oppslag i artsdatabanken. Her er det registrert eit eldre enkeltfunn av gauk i nærleiken av K2. Gauken har status som «nær truga», noko som tilseier at fuglearten er «raudlista». Luftfartstilsynet har liten fagkunnskap på dette området, særleg tydinga av slike enkeltfunn i artsdatabanken. Me ser difor gjerne at meir kyndige instansar kommenterer på om det er forhold rundt landingsplassane som tilseier at konsesjon vil kunna ha ein negativ påverknad på utsette fuglar, eller på anna dyreliv eller naturartar.

Me viser elles til ei miljøutgreiing som skal følgja med konsesjonssøknader. Denne utgreiinga er utforma som ei eigenerklæring i tråd med ein mal som går fram av vegleinga til konsesjonsforskrifta. Av eigenerklæringa går det fram at søkjaren ser det som lite sannsynleg at etablering av landingsplassen vil få vesentleg innverknad på miljøet, og slik sett naturmangfaldet.

### 3.4 Støy

Når det gjeld støy, så har søkjaren ikkje lagt ved noko ny støyutrekning i samband med søknaden om fornya konsesjon. I eit eige skriv ber søkjaren om dispensasjon frå kravet om støyutrekning, med grunnlag i konsesjonsforskrifta § 11 (3). Søkjaren grunnjev søknaden med at helikopterlandingsplassane ligg i god avstand til bygningar med støysensitivt bruksføremål.

Luftfartstilsynet er innstilt på å kunne gje slik dispensasjon, men ber høyringsinstansane kommentere dette særskilt.

## 4. Konsesjonsvilkår

Luftfartstilsynet har lagt ved eit utkast til konsesjonsvilkår. Vilkåra byggjer på Luftfartstilsynet sin generelle praksis og mal for vilkår, opplysningar i søknaden og vilkåra i gjeldande konsesjon.

Talet på flyrørsler som er nemnde i utkastet til konsesjonsvilkår vil famna om all aktivitet på landingsplassane. Ramma for trafikkomfanget er absolutt, og er sett til 18 000 flyrørsler for konsesjonsperioden. Dersom det i konsesjonsperioden er aktuelt med eit høgare tal på flyrørsler, må konsesjonen først bli endra.

Me understrekjer at dei vedlagde konsesjonsvilkåra er førebelse utkast, og at desse såleis kan

Vår dato  
03.08.2023

Vår referanse  
23/08446-11

---

bli endra i etterkant av høyringa, også på grunnlag av mottatte fråsegn i høyringsperioden.

## 5. Høyringsfrist

Me ber om at eventuelle fråsegn til søknaden blir sendt til Luftfartstilsynet innan 1. november 2023.

Fråsegn kan bli sendt pr. e-post til: [postmottak@caa.no](mailto:postmottak@caa.no). Merk helst fråsegna med saksnummer 23/08446.

Alle høyringsdokumenta er tilgjengelege på Luftfartstilsynet sine [heimesider](#).

Kommunen må i samband med høyringa sjølv vurderer om søknaden skal bli lagt ut på lokal kommunal høyring før eventuell fråsegn blir gitt.

Med vennleg helsing

Nina B. Vindvik  
juridisk direktør  
Direktoratsavdelinga

Finn O. Meling  
juridisk seniorrådgjevar  
Direktoratsavdelinga

*Dokumentet er elektronisk godkjend og krev derfor ikkje signatur.*

Kopi til: Statkraft Energi AS

Vedlegg:

- Utkast til konsesjonsvilkår
- Konsesjonssøknaden, inkludert oversiktskart og miljøutgreiing